



Langenes Bygg AS  
Kvassnesvegen 19  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/3941 - 17/21548

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
24.07.2017

## Løyve til etablering av mellombels anleggsveg - gbnr 58/121 Lygre Indre

### Administrativt vedtak. Saknr: 357/17

**Tiltakshavar:** Jarle og Vigdis Hundven

**Ansvarleg søkjar:** Langenes Bygg AS

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av ca 150 meter mellombels anleggsveg i samband med hyttebygging. Etter at hytta er ferdig, skal anleggsvegen tilbakeførast til gangsti.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 31.05.2017 og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato. Oversitting av fristen i 3-vekerssaker fører ikkje til redusert gebyr.

### Planstatus

Anleggsvegen skal vera mellombels tilkomst for frådelt tomt i regulert hytteområde BUSKNESET. Planen tillet opparbeiding av gangsti på areal regulert til landbruksområde, men ikkje kjøreveg fram til hyttene.

### Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

### Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla, men eigar av gbnr 58/10 har gjeve skriftleg samtykke.

### Plassering

Plassering av tiltaket er vist på litt mangelfull situasjonsplan motteken 31.05.2017. Traséen skal følgja den regulerte gangstien i reguleringsplanen. Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

### VURDERING

Kommunen legg til grunn kommunal- og moderniseringsdepartmentet sin tolkingsuttale 18.05.2011 og konkluderer med at mellombels tiltak inntil 2 år kan tillatast utan dispensasjon frå reguleringsplanen under visse føresetnader. I ein anleggsperiode vil ikkje vegen vera meir til sjenanse enn anleggsarbeidet på tomtene. Etterpå skal vegen reduserast til gangsti med breidde 1,2 m, og terrenget skal tilbakeførast slik at det ikkje vert varige vesentlege terrengingrep. Forlenging av 2-årsfristen kan ikkje påreknast, sjølv om ikkje hytta er ferdigstilt når dei to åra har gått.

#### **Privatrettslege tilhøve**

Eigar av gbnr 58/10 har gjeve skriftleg samtykke til etablering av vegen.

#### **Tiltaksklasse**

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

#### **VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-vert det gjeve løyve til tiltak i eitt trinn for etablering av mellombels anleggsveg på følgjande vilkår:**

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan motteken 21.05.2017, med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- 2. Det skal sendast inn ny situasjonsplan som viser heile vegtrasèen.**
- 3. Før det vert gjeve ferdigattest for hytta og seinast innan 2 år skal vegen arbeidast om til gangsti med breidde 1,20 m , og terrenget skal tilbakeførast mest mogeleg.**
- 4. Det skal sendast skriftleg tilbakemelding med fotodokumentasjon når anleggsvegen er omarbeidd til gangsti og tilbakeføring av terreng er utført. Frist for dette er 31.07.2019**

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 16/3941**

#### **Ansvar**

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld*

føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

**Bortfall av løyve**

Dette løyvet gjeld i 2 år. Det vil seia at arbeidet må settast i gang innan to år, og vegen må vera tilbakeført til gangsti innan same frist.

**Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

**Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

Mellombels tiltak skal ikkje ha ferdigattest. Byggeska skal avsluttast med dokumentasjon på at tiltaket er fjerna/tilbakeført til gangsti.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Jarle Hundven	Holtavegen 24 A	5239	RÅDAL
Jarle Hundven	Holtavegen 24 A	5239	RÅDAL
Vigdis Hundven	Holtavegen 24 A	5239	RÅDAL

**Mottakarar:**

Langenes Bygg AS	Kvassnesvegen 19	5914	ISDALSTØ
------------------	------------------	------	----------